



Aina Isdal Haugland
Radøyvegen 2610
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1192 - 19/15305

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
27.05.2019

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 185/5 Isdal

Tiltak: Tilbygg med våtrom
Byggjestad: Gbnr: 185/5
Tiltakshavar: Aina Isdal Haugland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.04.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har gått gjennom søknaden og har følgjande merknader:

- Det er søkt om rammeløyve. Ut i frå mottatt dokumentasjon i saka stettar tiltaket krava til søknad om løyve i eitt-trinn. Kommunen vil handsama søknaden i eitt-tinn dersom vi ikkje får tilbakemelding på at ein ønkjer at saka vert handsama i to trinn,dvs. som ramme- og igangsetjingssøknad.
- Søknaden er ikkje signert. Vi ber om at søknadsskjema med signatur vert ettersend. Signatur kan påførast kopi av søknaden.
- Det er ikkje send inn teikning som viser eksisterande situasjon hovudplan. Planteikninga ligg i dokumentasjonen som vart send inn til førehandskonferansen. Vi legg til grunn at denne er rett og kan nyttast ved handsaminga av omsøkt tiltak.
- Det er ikkje søkt unntak frå TEK. Vi legg til grunn at omfanget av tiltaket ikkje utløyser krav om oppgradering i forhold til gjeldande tekniske krav til byggverk.

Søknaden er send på høyring til Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland, jf. vårt skriv datert 21.05.2019. Høyringsfrist er 4 veker.



Kommunen ber om at tilbakemelding vert gitt innan **21.06.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Aina Isdal Haugland

Radøyvegen 2610 5937

BØVÅGEN

Mottakarar:

Aina Isdal Haugland

Radøyvegen 2610 5937

BØVÅGEN